



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset i Eidfjord, Kommunestyresalen
Dato:	16.06.2022
Tid:	09:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leder	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleder	UAVH
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	UAVH
Kari Lægreid	Medlem	SP
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Elin Bye, Oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken, Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Janne Eraker, Dagleg leiar Vestlandsrevisjon IKS (På teams til PS 12/22)
Reidar Meel, Organisasjonssjef (Til PS 10/22-13/22)
Geir Underhaug, Rådmann (Til PS 10/22-13/22)

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2022	033	
	Politiske saker		
PS 10/22	Orientering frå rådmann, koronamidlar i Eidfjord kommune	219	
PS 11/22	Orientering frå rådmann, heimekontor for tilsette.	219	
PS 12/22	Informasjon frå revisor.	020	
PS 13/22	Nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i Eidfjord kommune – drøftingssak.	217	
PS 14/22	Forvaltningsrevisjonsrapport, kommunen si rolle i næringsutvikling.	217	
PS 15/22	Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2021	216	
PS 16/22	Eventuelt	219	

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste	3
GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2022	3
PS 10/22 Orientering frå rådmann, koronamidlar i Eidfjord kommune	4
PS 11/22 Orientering frå rådmann, heimekontor for tilsette.	4
PS 12/22 Informasjon frå revisor.	5
PS 13/22 Nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i Eidfjord kommune – drøftingssak.	5
PS 14/22 Forvaltningsrevisjonsrapport, kommunen si rolle i næringsutvikling.....	6
PS 15/22 Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2021	8
PS 16/22 Eventuelt.....	8

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2022

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 19.05.2022 vart godkjent.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 19.05.2022

Vedtak:

Protokoll frå møte 19.05.2022 vart godkjent.

PS 10/22 Orientering frå rådmann, koronamidlar i Eidfjord kommune

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte utvalet og svarte på spørsmål:

- Midlane er annonsert på reginoalforvaltning.no og kommunen si heimeside.
- Administrasjonen har innstilt på søknadene og dei vert tildelt av formannskapet.
- Koronamidlane er ikkje nytta til administrasjon
- Utfordrane for kommunen å handtere knappe midlar frå gong til gong.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 11/22 Orientering frå rådmann, heimekontor for tilsette.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Organisasjonssjef Reidar Meel orienterte og svarte på spørsmål.

- Ikkje retningsliner for å arbeide på heimekontor i Eidfjord kommune i dag.
- I dag ikkje trong for slik avtalar i dag i Eidfjord.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 12/22 Informasjon frå revisor.**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Dagleg leiar i Vestlandsrevisjon IKS, Janne Eraker var med på teams og orienterte utvalet og svara på spørsmål.

- Ullensvang kommune går formelt ut av selskapet 16.08.2022
- Selskapsavtalen må opp på nytt i haust.
- Kostnaden for Eidfjord vert ikkje endra i 2022
- Det vert arbeida med kostnadsbasen for budsjett 2023
- Arbeider med å få fleire kommunar i selskapet/auke inntektene.
- IKS har eit dotterselskap som er i vekst, dette bidreg med økonomi i selskapet totalt.
- Er i kontakt med fleire kommunar om å gå over til kommunal revisjon.
- Estimat for budsjett 2023 skal vere klar til møte i kontrollutvalet i Eidfjord 20. oktober 2022

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 13/22 Nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i Eidfjord kommune – drøftingssak.**Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte kort.

Rådmann Geir Underhaug og organisasjonssjef Reidar Meel var tilstades og kom med slike innspel/stikkord.

- Sjå på tenestestader med høgt fråver, men og der det er fleire tilsette.
- Politiske beslutningar og innbyggjarar sin innverknad på arbeidsmiljø og sjukefråver.på tenestestader?
- Sjukefråver i overkant av 10 prosent - omlag 8 prosent langtidsfråver.
- Størst fråver i skule og barnehage saman med pleie og omsorg
- Kurs for verneombod og leiarar om sjukefråver hausten 2022
- Møte i AMU fire gonger i året.
- Arbeidsmiljøkartlegging i 2021 for heile organisasjonen. (KS 10 faktor undersøking)
- Arbeidsmiljøkartlegging skal vere fast annakvart år.
- Størst utfordring med langtidsfråver.
- Prosjekt med dei andre kommunane i Voss/Hardanger og NAV om rekrutteringsutfordringar i regionen.
- Høgast turnover i sentraladministrasjon, men liten turnover totalt.
- Barnehagen open heile året, tidsrom med redusert bemanning auka kraftig. Barnehage har høgt sjukefråver og negativ utvikling i 2021.
- Grunnleggjande god bemanning i Eidfjord kommune.
- Kommunen oppmoder arbeidstakarar til å ta fagbrev td. i reinhald.

Kontrollutvalet kom med slike innspel, stikkord.

- Økonomiske konsekvensar for kommunen med høgt sjukefråver.
- Sentraladministrasjon i tillegg til ytre tenester.
- Systematisk arbeid med tiltak etter arbeidsmiljøkartlegginga?
- Informasjon til tilsette om arbeid etter kartlegging.
- Turnover, sluttsamtalar og årsaker til at folk sluttar?
- Oppfølging av sjukemeldte?
- Spørreundersøking om arbeidsmiljø?
- Tilrettelegging på arbeidsplass for sjukemeldte?

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 14/22 Forvaltningsrevisjonsrapport, kommunen si rolle i næringsutvikling.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

- 1.at rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.

2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandsamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.
3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan og byggesak vert gjennomgått og vurdert.
4. Å vurdere å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.
5. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte og svarte på spørsmål.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt nytt punkt samrøystes vedteke. (Punktet vert nytt punkt 4.)

Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.»

Innstilling:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. At rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.
2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandsamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.
3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan og byggesak vert gjennomgått og vurdert.
4. Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.
5. Å vurdere å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.
6. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp

tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 15/22 Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2021

Forslag til innstilling

Etterlevingskontroll gjeldande Eidfjord kommune 2021 vert teken til etterretning.

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Etterlevingskontroll gjeldande Eidfjord kommune 2021 vert teken til etterretning.

PS 16/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 16.06.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart meldt to spørsmål til eventuelt:

1. Brannvarsling og brannvern på kommunehuset.

Er det tilfredsstillande brannvarslingsanlegg på kommunehuset?

2. Ukrainske flyktningar som kjem til Eidfjord.

Stikkord: Flyktningkonsulentstilling
Oppfølging av dei som er komne.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet inviterer rådmannen til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2022 for å orientere om desse to spørsmåla.

Vedtak:

1. Brannvarsling og brannvern på kommunehuset.

Er det tilfredsstillande brannvarslingsanlegg på kommunehuset?

2. Ukrainske flyktingar som kjem til Eidfjord.

Stikkord: Flyktningkonsulentstilling
Oppfølging av dei som er komne.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet inviterer rådmannen til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2022 for å orientere om desse to spørsmåla.